

Voss og omland LOP

Protokoll frå årsmøtet 12. februar 2026 kl 17.00

Møtet vart halde i Velferdssentralen i Sosialbygget. Det var 35 frammøtte. Leiar Gunnvor Børsheim Lindland ynskte velkomen.

Før årsmøtesakene vart handsama, heldt leiar i staben for helse og omsorg i Voss herad, Gullborg Osgjerd Rekve, føredrag om «Strategien for helse og omsorg. Saman for helse og aktive liv».

Strategien inneheld fire punkt:

- Førebygging og helsefremjing
- Bu trygt heime
- Eiga meistring og rehabilitering
- Innovative tenester

Det var eit innhaldsrikt føredrag som gav møtedeltakarane god innsikt i Voss herad sine strategiar innan temaet.

Årsmøtet

Gunnvor Børsheim Lindland vart vald til møteleiar.

Innkallinga og saklista vart godkjende.

Referentar: Knut Farestveit og Asle Nesheim.

Teljekorps: Torunn Langmyhr Ringheim og Astrid Holtekjølen

Underskrivarar av protokollen: Ragnhild Mølster Lidal og leiar Gunnvor Børsheim Lindland.

Årsmelding for 2025. Gunnvor Børsheim Lindland las opp årsmeldinga som vart godkjend samrøystes.

Rekneskapen for 2025. Kasserar Terje Pedersen gjekk gjennom rekneskapen som var godkjend av revisoren Ola Folkestad. Rekneskapen med balansen vart godkjend samrøystes.

Val. Medlem i valnemnda, Kolbjørn Blikås, styrde valet.

Leiar: Gunnvor Børsheim Lindland, attval for 1 år

Styremedlem: Torunn Langmyhr Ringheim, attval for 2 år

Styremedlem: Astrid Holtekjølen attval for 2 år

Styremedlem: Einar Horvei ny for 2 år

Styremedlem: Ingrid Ness Hansen ny for 1 år

Styremedlem: Knut Farestveit ikkje på val

Styremedlem: Asle Nesheim ikkje på val

Varamedlem: Ingebjørg Reisæter Skorpen attval for 1 år

Varamedlem: Agnar Lundblad attval for 1 år

Varamedlem: Birgitte Kløve ny for 1 år

Revisor: Marianne Sværen ny for 1 år

Vararevisor: Unn Fauskanger ny for 1 år

Valnemnd:

Inger Birkeland 1 år att

Kolbjørn Blikås 2 år att

Terje Pedersen ny for 3 år

Takk til avtroppande tillitsvalde: Gunnvor Børsheim overrekte blomar til Terje Pedersen, Annlaug Stalheim, Ola Folkestad, Klara Skaare Laupsa og Grete Marie Vikan.

Andre saker. Det var ingen saker frå styret, heller ikkje innkomne saker.

Etter at årsmøtet var gjennomført, informerte Gunnvor Børsheim Lindland om StyreWeb. Astrid Holtekjølen informerte om vårturen 27.-28. mai 2026 til Gaustatoppen og Rjukan, der pensjonistlaget i Forsvarsforeininga er invitert med. Frist for påmeldinga er 15. mars.

Møtet vart avslutta med matøkt og utlodding.


Møtet slutt kl 20.00.



Knut Farestveit

referent


Asle Nesheim

referent


Ragnhild Mølster Lidal


Gunnvor Børsheim Lindland